Blad i postabonnement

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

# Frivilligfest & årsmøte

i Austheim sokn
Onsdag 20.mars
på kyrkjelydshuset.

Salmar, quiz og
forsongargruppa.

Du er hjarteleg velkomen.

Kyrkjebakken nr. 2 – 2024 – februarnummeret – årgang 53- Nytt stoff innan 15.mars



# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638


## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

**Kontortider:**
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**

| | |
|---|---|
| Stein Hugo Fykse | 909 60 154 |
| Kyrkjeverje Leif Arne Økland | 40 06 52 31 |
| Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge | 40 46 62 11 |
| Kyrkjetenar Gry Haukeland | 41 30 85 58 |
| Sokneradsleiar Helge Dyrkolbotn | 41 66 26 10 |

### Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Austrheim sokneråd |
| Redaktør: | Jostein Hauge, |
| Redaksjon: | Jorunn Kårdal, Britt Rebnord, Leif Arne Økland. |

| | |
|---|---|
| Adresse: | 5943 Austrheim |

Trykk og Design Trykk-Service as




# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

28.feb:
**Bygdatreff kl. 11.00**

10.mars:
**Gudsteneste kl. 17.00 (merk tid)**

20.mars:
**Frivilligfest og årsmøte kl. 18.00**

24.mars:
**Palmesøndag**
**kl. 18.00. Sjå vi går opp til Jerusalem.**

29.mars:
**Langfredag**
**kl. 19.00**

31.mars:
**Påskedag.**
**Gudsteneste kl. 12.00**




**ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?**

| | |
|---|---|
| Heilside | 1000,- |
| Halvside | 500,- |
| 1/3 side | 350,- |
| 1 / 4 side | 250,- |
| Små annonser | 150,- |
| Takkeannonser | GRATIS! |




# "No livnar det i lundar".

Det finns mange vakre vårsalmar.
No er det like før vi hentar dei fram igjen og syng dei på ny.

*«Det er vel fagre stunder*
*når våren kjem her nord*
*og atter som eit under*
*nytt liv av daude gror.» (844)*

Kvart år fødest naturen på ny. Der jorda for kort tibake var steinhard av frost, veks ein fin liten blome fram.

*"Ein fin liten blome",* (492) er ein annan vakker song.

Kven som har skrive den er det ingen som med visse veit. Men at den er vakker det er det mange som synest. Songen peikar nettopp på den nære samanhengen mellom påsken og våren.

*"Ein dag vil den stormande vinter deg*
*nå, då vert det vel dødsdagen din.*
*Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,*
*til vårsola kysser mitt kinn."*

Påskeevangeliet forkynner vår.

Bibelen talar om menneske som liknar graset og blomen på marka. Vi blir borte. Døden talar sterkt og ofte brutalt. Det har mange smerteleg erfaring med. På mange måtar deler vi blomen sin skjebne. Livet er kort og det går fort og "staden vår veit ikkje meire av oss."

Likevel er det håp.
For livet døyr ikkje. Med Jesus Kristus vann livet.
Derfor er det håp – håp om ein evig vår.

*"Ja, glad skal eg vakna hos Jesus*
*ein gong i morgonen æveleg klår,*
*og blanda med heilage englar min*
*song i himlen, dit døden ei når!"*

Eller med Elias Blix:

***«Du vår med ljose dagar,***
***med lengting, liv og song,***
***du spår at Gud oss lagar***
***ein betre vår ein gong.»***

Eller med ein annan av våre kjære vårsalmar:
***«Alt kjød er gress og flyktighet***
***det tæres fort av elde.***
***Kun du, Treening majestet,***
***er evig i din velde!***
***Med sjel og kropp skal jeg stå opp***
***og blomstre i ditt rike,***
***når denne jord må vike.» (845).***

***God påske!***

***Stein Hugo Fykse***

# Min Salme



Eg er glad i salmar. Eg likar både å lesa, syngja og høyra på dei. Når eg les eller syng salmar kan eg kjenna på både glede, trøyst og takknemlegheit. Når eg syng salmar kan det skje at salmane rører meg slik at eg må stoppa opp heile synginga, eg får ikkje fram eit ord.

Eg har valt salmen «Ikke en spurv til jorden».

Salmen står på nr. 324 i Norsk Salmebok. Teksten er skriven i 1948 av Ingeborg Prytz Fougner, og Sigurd Lunde skreiv i 1973 den melodien som står i salmeboka.

Eg høyrde salmen første gong sommaren 1978. Salmen var då sunge med ein melodi som Ivar Skippervold ga ut i 1977. Eg vart svært glad både i teksten og i denne melodien.

I salmeboka finn me denne salmen under emnet «Guds omsorg», og det er det eg kjenner på når eg les den. For meg er det trygt å tru at eg har ein Gud eg kan venda meg til, ein Gud som er med meg og ein Gud som veit korleis eg har det både i gode og tunge dagar

*Ikke en spurv til jorden*
*uten at Gud er med.*
*Ikke en sjel mot døden*
*uten hans kjærlighet!*
*Ikke en blomst er visnet,*
*ikke en tåre falt*
*uten at Gud vet om det,*
*han som er over alt.*

*Tro det når stormen herjer*
*bladløse vintertrær!*
*Tro det når brenning bryter*
*over de nakne skjær!*
*Tro det når ubeskyttet*
*midt i en kamp du står.*
*Tro det når helt alene*
*du med en smerte går.*

*Tro det når noe brister*
*uten å vokse frem.*
*Tro det når noen mister*
*det som var alt for dem!*
*Tro det når håp går under*
*uten å reise seg:*
*Ikke en spurv til jorden!*
*Det er et ord til deg.*

*Dersom du har lyst å høyra salmen finn du den med begge melodiane på You Tube og med den nyaste på Spotify.*

Gunn Håland Dyrkolbotn







## Gravferd

12.12.2023:
*Arny Signe Eikeland* *f.1942*

01.02.2024:
*Tore Malvin Hopland* *f. 1948*
(bisetjing)

08.02.2024:
*Hjørdis Oline Sævrøy* *f.1927*

13.02.2024
*Olav Inge Håland* *f.1940*

## Dåp

04.februar:

*Cornelia Sanden Engeland*

*Elias Flintegård Lerøy*

*Oline Longva Lerøy*

*Frøya Loftås Furesund*




KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY, MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



# FASTEAKSJONEN TIL KIRKENS NØDHJELP GJER DET MOGLEG Å RYKKE UT I KRIG OG KATASTROFAR

**KIRKENS NØDHJELP**
actalliance

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjer det mogleg å rykke ut i krig og katastrofar
Verda slik ho ser ut i dag krev mykje av oss. Ho krev at Kirkens Nødhjelp er til stades der nøda er størst. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjer det mogleg. To veker før påske kvart einaste år, går rundt 40.000 bøsseberarar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til arbeidet deira.  I fleire tiår har norske konfirmantar vore med på denne enorme dugnaden, som gjer det mogleg å rykke ut i kriser.  I Austrheim vert årets fasteaksjon tysdag 19.mars.

Takk vere fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp var dei i fjor til stades med nødhjelp i jordskjelvet i Syria. Det kunne dei også i jordskjelvet i Afghanistan. Dei kunne dele ut mat og vatn til flaumråka i Malawi. Dei kunne dele ut mat og teppe i Gaza. Dei har kunne dele ut varme teppe og vatn i Ukraina.

Takk vere det store engasjementet til konfirmantar og kyrkjelyder, kan menneske få eit betre liv. Som i Libanon. Eit land som er sterkt prega av både krigen i Ukraina og Gaza.

I landsbyen Deir El Ghazal har Kirkens Nødhjelp bygd ein vasstank på 800.000 liter. Bønder kan igjen dyrke grønsaker og ungdomane har reint drikkevatn. I heile 40 år har landsbyen i Bekaadalen vore utan vatn. No spirar og gror det over alt.

Akkurat no gjer kyrkjelyder over heile Noreg seg klare til å gjere ein forskjell. Til å spreie håp i ei verd sterkt prega av nød og liding.

I årets fasteaksjon møter vi Rachel som bur i Bekaadalen. Ho er som ungdomar flest. Elskar å vere på mobilen og vere saman med vener. Ho fortel korleis det var å bu i landsbyen før dei fekk det livgjevande vatnet. Ho er eit godt eksempel på at det er håp i ein drope vatn, og at tilgang til vatn gjev store ringverknader. I tillegg til å halde seg frisk, kan ho drøyme og vere aktiv. Gjennom fasteaksjonen kan endå fleire få same moglegheiter som Rachel.

***Støtt fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2024, «Håp i ein drope vatn».***







## *Takkeannonsar*

### *Takk*

for helsingar, gåver og besøk på
80 års dagen min.
Takk og til diakoninemnda for
hjartesjokolade og til
Edvard som kom på besøk med den.

***Helsing Kolbjørn***

### *Takk*

til diakoninemnda for hjartesjokoladen
eg fekk til 89-årsdagen min.

***Helsing Margit Kvamme***

# BASAR

**på Lervåg Bedehus**
**fredag 8. mars**
**2024 kl. 18:00**

***Harald Odd Sognnes***



***Vel møtt!***






# VELKOMMEN TIL LERVÅG BEDEHUS

**Søndag 03. mars klokka 11.**
Tale: Øystein Valde

**Søndag 17. mars klokka 11.**
Tale: Terje Tofting

**2. påskedag klokka 18.**
Påskemøte med kveldsmat.

**Søndag 14. april klokka 11.**
Tale: Annie Schaug

**Søndag 28. april klokka 11.**
Tale: Ingvald André Kårbø



# ÅRÅS BEDEHUS

**Søndag 25. feb Bibeltime v/Audun Hjellvik Kl 11:00**
**Søndag 3. mars Formiddagsmøte 11:00 Vegard Hetlebakke talar.**
**Søndag 17. mars Formiddagsmøte m/nattverd kl 11:00.**
**Reidun Skurtveit talar.**
**Søndag 1. april Formiddagsmøte 11:00 Christian Skoge talar.**
**Søndag 21. april Formiddagsmøte med nattverd. 11:00**
**Leiv Nesheim talar.**

**Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30**



**Velkommen til samlingane!   www.austrheimindremisjon.no**
**Austrheim Indremisjon på Facebook.**




Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utstyrsvarer - Bokhandel/Leikar
Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr




**Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.**

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

**Spør oss gjerne om mer informasjon.**

BOSCH Service
Fosnøy Bilsenter
Tlf: 56 16 75 50
Mastrevik

BOSCH Service
Car Service




## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER

Tysdag 10-15
Onsdag 14-19
Fredag 10-15

## FONNES FILIAL

Fonnes filial har flytta til nye og fine lokale på Kaland skule.
Du finn oss vegg i vegg med barnehagen, inngang ved den gamle naturfagsalen i hjørnet mellom skulen og barnehagen.
Den nye filialen har fokus på barnebøker.

**Me ønskjer velkommen til opning av det nye biblioteket torsdag 1. februar kl. 10.00.**

***Filialen vil vera open for publikum annankvar torsdag (oddetalsveker) 10-16.00.»***

*Følg oss gjerne på facebook*

**KREFTKOORDINATOR:**
Tove Kristin Sleire Tistel
Tlf: 40 90 02 16
Sætremarka 2 -k-hus
Tysdag ,Torsdag og Fredag

**DEMENSKOORDINATOR:**
Åshild Sandvin Olsson
Tlf: 96 62 66 56
Sætremarka 2 -K-Hus
Tysdag , Onsdag og Torsdag

# LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.

**Legevakt 116117**

**AUSTRHEIM LEGEKONTOR**
**Tlf. 56 16 82 00**
**Opningstider for publikum:**
**08.30-15.00**
**Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 14.00.**
**Torsdag er telefontida frå kl. 09.30**

**INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!**

**ÅRÅS HELSESTASJONEN**
**Åpningstider for publikum:**
**kl 08.30- 15.00**
**Helsesøster tlf. 56 16 82 11**
**Jordmor:**
**tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)**
**Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13**

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

| | |
|---|---|
| **Nordliheimen :** | **56 16 20 40** |
| **Nordliheimen /kjøkken:** | **56 16 20 49** |
| **Vestlia:** | **56 16 20 55** |
| **Heimesjukepleien:** | **56 16 21 23** |
| **Forvaltningskontoret :** | **56 16 21 42**<br>**56 16 21 38** |
| **Høyrselskontakt i Austrheim** | **56 16 21 23** |



# Jeg går i tusind tanker

Søndag 18.februar tok Frode Skag Storheim oss med inn i Hans Nielsen Hauge sine oppturar og nedturer. Frode knytte dette flott saman med forteljing, historie, bilete, musikalske innslag og salmesang. Tusen takk for ein flott og innhaldsrik kveld i Austrheim kyrkje.

---

# Bygdatreff

Denne gongen var det Sverre Stokke som kom på besøk til bygdatreffet og ville fortelja om heimplassen sin Hennøystranda. Sverre fortalte mange historiar derifrå, og han har skrive ei bok som heiter "Å kome til, og fare frå" -kulturhistoriske glimt frå Hennøystranda. Bjarne Neteland las fleire utdrag frå boka.




Sverre hadde laga ein modell av selet dei hadde. Artig å sjå. Elles var Jan og Jostein der og med flott song og musikk. Jan Ove Synnevåg orienterte om Austrheim Pensjonistforbund. Svanhild, som kjende Sverre frå før, og var den som fekk han ned hit, leia timane med stødig hand.
Til sist var det kos med mat og kaffi.



DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !
Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11
Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller
SKARSVÅG Rør og Interiør as

Per Kenneth Bø BYGGMESTER
Panasonic Varmepumper
5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Oppussing av gravmonumenter
Utfører vasking, rensing og oppattmaling
Gunnar Nilsen 414 39 887

VATNE begravelsesbyrå DAHLS
Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalstø
vatne-byra.no

GRAVMINNER
Norsk design og produksjon.
Se på utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service
Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

HEDER NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ
Varm. Lokal. Erfaren. Åpen.
Marit K. Haukeland, Marita Haukeland, Sølvi H. K. Mjøs, Therese Kvalheim
Tlf: 56 37 14 10 • www.nordh-bb.no • Kyrkjevegen 1, Alversund • Havnevegen 3, Frekhaug



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også
• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no


# ØNSKEKONSERTEN




**Måndag 11.mars kl.17.00**

Velkomen til Ønskekonserten på Årås bedehus. Her har me plukka fram den gode gamle songboka- og **du** skal få bestemma kva songar me skal syngje saman.

Det vert mykje allsong, ord for dagen og kaffi med noko godt attåt.



# SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM

## Eit møte med påskebodskapen i bilete, tonar og ord.



**Austrheim kyrkje**

**PALMESØNDAG**

**24. mars kl.18.00**

**Musikk:**
**Hermund Rebnord**
**Songinnslag:**
**VELKOMEN!**